



# Referat frå kommunemøte torsdag 25. februar 2021

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, Helse Bergen, Helse Fonna, fylkeskommunen og Sivilforsvaret.

Ikkje til stades: Austevoll, Hyllestad og Kinn.

## Innhald

1.	Innreisekarantene .....	2
	Førehandsgodkjenning av innkvartering ved innreisekarantene.....	2
	Oppdatert rundskriv for karantenehotell.....	2
2.	Regjeringa forenklar ordninga med regionale koronatiltak.....	3
3.	Nasjonalt kontrollsenter for innreisande .....	3
	Tilgang til rapportar frå Nasjonalt kontrollsenter .....	3
4.	Informasjon om krava til heimeopplæring og meldeplikt.....	4
5.	Epidemiologisk situasjonsrapport .....	4
6.	Vaksinering .....	5
	AstraZeneca-vaksinen.....	5
	Pfizer/BioNTech-vaksinen.....	5
7.	Planlegging av bemanning framover.....	5
8.	Nasjonal opplæringsressurs (e-læringskurs) - koronavaksinering .....	6
9.	Forsyning av smittevernustyr.....	6
10.	Vaksineutstyr.....	6
11.	Pilotprosjekt for massetesting med hurtigtest i vidaregåande skular .....	6
12.	Rekruttering av helsepersonell .....	7
13.	Spørsmål i møtet .....	7



## 1. Innreisekarantene

### Førehandsgodkjenning av innkvartering ved innreisekarantene

Regjeringa offentleggjorde sist fredag nokre endringar for innreise til landet. Utgangspunktet er at det framleis er eit krav om karantene for utanlandske arbeidstakrar som kjem hit, og hovudregelen er at det skal skje på eit karantenehotell.

Det er innført ei ordning der ein etter søknad kan gi unntak for utanlandske arbeidarar som har teknisk kompetanse som er heilt nødvendig for å montere, demontere, ettersjå, reparere eller vedlikehalde maskiner eller teknisk utstyr.

Frå måndag 22. februar må arbeidsgjevarar som sjølv ønskjer å tilby innkvartering for innreisekarantene søke og få lokale førehandsgodkjent av Arbeidstilsynet. Krava til innkvarteringsstaden er dei same som tidlegare (m.a. enkeltrom, eige bad og kjøkken, internett osb.). Det er innkvarteringsstaden som vert godkjent og ikkje gjennomføring av karantene for enkeltpersonar.

Bakgrunnen for godkjenningsordninga er at Arbeidstilsynet i sine kontrollar har avdekt mange brot på smittevernreglane. Ordninga er eit av fleire tiltak for å avgrense koronasmitte i arbeidslivet.

Det skal oppretta eit offentleg register over verksemder som er førehandsgodkjent som innkvarteringsstad for innreisekarantene. Arbeidstilsynet kan både før og etter godkjenning gjennomføre tilsyn med lokale. Viss lokale ikkje oppfyller krava, kan dei trekke tilbake godkjenninga.

I covid-19-forskrifta § 8 b tredje ledd går det fram at Arbeidstilsynet kan be kommunane om støtte til synfaring av karantenefasilitetar. Per i dag har ikkje Arbeidstilsynet avklart korleis dette vil bli gjennomført i praksis. Det er sagt at det vil kome avklaringar så fort det er etablert eit system for dette, og dei har peika på at det kan vere aktuelt å gjennomføre synfaring av karantenestad via video. Vi sender ut informasjon når det kjem meir, og tek opp igjen på møte seinare når det gjeld kva som kan vere aktuelle oppgåver for kommunane.

For meir om systemet: <https://www.arbeidstilsynet.no/nyheter/na-ma-innkvartering-ved-innreisekarantene-forhandsgodkjennes/>

Høve for arbeids- og oppdragsgjevar til å nytte eige innkvarteringsstad for sine arbeidstakrar er omtalt i kapittel 2A i covid-19-forskrifta: [https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-27-470#KAPITTEL\\_3](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-27-470#KAPITTEL_3)

### Oppdatert rundskriv for karantenehotell

Rundskrivet for karantenehotell vart oppdatert 23. februar, for å fange opp dei siste endringane i krav til gjennomføring av innreisekarantene.

I tillegg til førehandsgodkjenning av arbeidsgjevars innkvarteringslokale (jf. covid-19 forskrifa kap. 2A), er det òg m.a. stramma inn på krava til leigepериode for at leigebustadar skal kunne kvalifiserast som fast bustad der ein kan gjennomføre innreisekarantene.



## Statsforvaltaren i Vestland

Rundskrivet finn de her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/g-062021-revidert-rundskriv-om-karantenehotell/id2835958/>

### 2. Regjeringa forenklar ordninga med regionale koronatiltak

Med utgangspunkt i erfaringane frå Aust- og Vestlandet har regjeringa bestemt seg for å endre dei regionale tiltaka ved lokale utbrot i covid-19-forskrifta (Kapittel 5A – 5D). Endringa trådde i kraft tysdag 23. februar.

Det er gått vakk frå omgrepa «ring 1»- og «ring 2»-kommunar, og det er redusert frå fire til tre tiltaksnivå (A til C). Nivå A (særleg høgt tiltaksnivå) og B (høgt tiltaksnivå) vil i hovudsak vere retta mot kommunar med utbrot. Nivå C (ganske høgt tiltaksnivå) vil vere retta mot kommunar som ligg rundt utbrotskommunar.

For å unngå å ramme barn og unge unødvendig, vil vurderingar om tiltaksnivå for barnehagar, barneskular og ungdomsskular kunne avgjerast lokalt. Vidaregåande skular vil heller ikkje blir stengt i kommunar med særleg høgt tiltaksnivå (tiltaksnivå A). Kommunen må sjølv fatte vedtak om dette viss det er aktuelt.

For å lese meir om endringane sjå: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringen-forenkler-ordningen-med-regionale-koronatiltak/id2835749/>

### 3. Nasjonalt kontrollsenter for innreisande

Helsedirektoratet inviterer til informasjonsmøte om [Nasjonalt kontrollsenter for innreisande](#) onsdag 3. mars kl. 12.00 - 13.00. Direktoratet oppmodast spesielt kommuneoverlegar om å delta.

Vi sendte invitasjonen frå direktoratet vidare i går, ver merksam på at tidspunktet for dette møtet i etterkant er endra til kl. 12.00.

Meir informasjon om møtet finn de her, lenke til streaming av møtet vil òg bli publisert her:  
<https://www.helsedirektoratet.no/konferanser/allergifrisk/informasjonsmote-om-nasjonalt-kontrollsenter-for-innreisende>

Tilgang til rapportar frå Nasjonalt kontrollsenter

Informasjonsmøtet på onsdag vil forhåpentlegvis gi svar på spørsmål til kontrollsenterets oppgåver og rapportar som kommuneoverlege, eller den/dei kommuneoverlegen vil delegera til, vil få tilgang til. Kontrollsenteret startar med denne oppgåva frå 8. mars slik vi forstår det.

Vi har fått eit oppdrag frå Helsedirektoratet om å bidra til å identifisere aktuelle brukarar til løysinga, innan førstkommande mandag. Helsedirektoratet er tydeleg på at det er kommuneoverlegen som er målgruppe her, m.a. på grunn av personopplysningar og spørsmål om kor vidt test er gjennomført.

For å gjere det på ein effektiv måte vil vi lage til ei liste over aktuelle kontaktar som vi sender til kommuneoverlegane, og ber om at de gir oss ei tilbakemelding om det er aktuelle brukarar i kommunen. Vi sender dette ut i morgen.



### 4. Informasjon om krava til heimeopplæring og meldeplikt

Vi har fått spørsmål om nærmere informasjon om krava til heimeopplæring, etter at endringar i §§ 3 og 3 a i [mellombels forskrift om tilpassing innan skule- og barnehageområdet](#) opnar for at det i særskilte høve *kan* bli gitt opplæring heime på gult nivå.

Utdjupande informasjon finn de her:

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/midlertidig-regelverk-for-utdanningssektoren-covid-19/>

Vi minner om den meldeplikta kommunen som skuleeigar har når:

- skuleeigar reduserer frammøte etter covid-19-forskrifta § 12 b
- skuleeigar tek avgjerd om heimeopplæring av omsyn til elevane si samla opplæring (gult nivå)

Meldeplikta gjeld ikkje når det er fatta nasjonale eller lokale vedtak om stenging, nasjonal avgjerd om raudt nivå eller om elevane ikkje kan kome til skulen på grunn av karantene og liknande.

Nærmare informasjon om meldeplikta finn de her: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/opplaring-til-elever-som-ikke-kan-mote-pa-skolen/>

### 5. Epidemiologisk situasjonsrapport

Det var ein nedgang i tal smitta frå veke 6 til 7, samstundes som ein del færre personar vart testa. Dette heng saman med at vi er i halen på dei større lokale utbrota som har vore i fylket. Reproduksjonstalet er estimert til 0,8 for fylket som heile. Det er ein del usikkerheit knytt til R-talet fordi det ligg låge tal til grunn for estimatet.

#### Vestland


Mellom uke 3-5 var det meldt om mellom 97 – 218 tilfeller ukentlig. Antall meldte tilfeller i Vestland var 152 i uke 6, og gikk ned i uke 7 (84). 14 dagers-insidens ved slutten av uke 6 var 58 per 100 000. I uke 7 var 14-dagers-insidensen 37 per 100 000.

I uke 7 ble 18,9 personer testet per 1000 innbyggere i Vestland, en nedgang fra uke 6 (25,3). Andelen positive gikk ned fra 0,9% i uke 6 til 0,7 % uke 7.

Antall tilfeller i fylket påvirkes i stor grad av utviklingen i Bergen kommune, men større og langvarige utbrudd har vært påvist også i andre kommuner. Bergen og flere kommuner i fylket har siste uker hatt pågående utbrudd med den sørafrikanske og den engelske virusvarianten. Det meldes fortsatt enkelte tilfeller tilknyttet flere av disse utbruddene.

9,3 % (4/43) av kommunene i Vestland hadde insidens over 5 per 100 000 og flere enn 10 tilfeller de siste 14 dagene.

Detaljert oversikt kan finnes i Sykdomspulsen (<https://spuls.fhi.no>)



Heile den epidemiologiske situasjonsrapporten fra FHI kan de lese her:

<https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>



### 6. Vaksinering

#### AstraZeneca-vaksinen

Vi har fått tilbakemeldingar om at ein del helsepersonell har opplevd biverknadar av vaksinen frå AstraZeneca. Det dreier seg om kjende biverknadar av eit par dagars varigheit som feber, hovudpine og muskelverk. Dette er biverknader som er størst etter første dose. Denne typen kjende biverknader treng ein ikkje melde til BIVAK. For mRNA-vaksinane er det mest biverknader etter andre dose.

Sjølv om det er milde biverknader har det skapt driftsutfordringar i nokre tenester, grunna eit høgt tal kortvarig sjukefråvær. Dette er òg omtala i media. Vi oppmodar difor til å ikkje vaksinere for mange i same teneste om gongen, slik at det er kapasitet til halde oppe drift sjølv om nokon skulle bli heime ein dag eller to etter vaksinering. Dette er òg omtala i rettleiing for vaksinasjon av prioritert helsepersonell frå FHI.

Kommunane laga kring årsskiftet ei liste over prioritert helsepersonell som skulle få vaksine. Det var mellom anna personell i essensielle tenester som er vanskelege å erstatte, og personell som har direkte pasientkontakt der smitte er ein risiko. Når kommunane har vaksinert ferdig prioritert helsepersonell, kan dei gå vidare til gruppe 5 med AstraZeneca-vaksinen. Kommunane kan altså gjere seg ferdig med prioritert helsepersonell før dei går til gruppe 5. Det er likevel ein god del helsepersonell som ikkje er prioritert, og FHI sa tysdag denne veka at dei vil kome tilbake til desse. Inntil då blir dei prioritert på linje med den befolkninga elles. mRNA-vaksinane brukast til gruppe 1-4, og i gruppe 4 må ein hugse på dei under 65 år med særskilt høg risiko. FHI sa samstundes at det sjølvsagt er greitt at nokon utanfor gruppe 1-4 får mRNA-vaksine, viss alternativet er å kaste dosar som elles ikkje ville blitt brukt.

Av dei godkjende vaksinane så langt er det AstraZeneca (AZ) som har hatt mest variasjonar i leveransane, noko som gjer det utfordrande å planlegge. Det blir færre AZ-dosar til kommunane i veke 9 (66 % av venta tal dosar). Det skal kompenserast med større leveransar i mars, slik at totalt tal dosar for februar/mars skal bli det same. Minstepakningar av AZ er på 100 dosar, så alle kommunar får ikkje AZ-vaksiner kvar veke. Utsending skjer i puljar for at fordelinga mellom små og større kommunar skal bli lik.

For meir informasjon viser vi til oversikt over [distribusjon og fordeling](#) hjå FHI som oppdaterast kontinuerleg. De kan òg ta direkte kontakt på [vaksineforsyningen@fhi.no](mailto:vaksineforsyningen@fhi.no).

#### Pfizer/BionTech-vaksinen

FHI bygde ned lageret av Comirnaty rundt veke 5, slik at mykje vart sendt ut då. Difor er det mange som skal ha andre dose no og det gjer at det er lite nye dosar. Dette er forbigåande i eit par veker framover, og etter dette vil leveransane av Comirnaty auke igjen.

### 7. Planlegging av bemanning framover

Vi har fått spørsmål frå ein kommune om kor lang tid ein skal halde fram med å planlegge for omfattande testing og andre TISK-oppgåver. Dette gjeld mellom anna med tanke på planlegging av bemanning i sommarferien.



## Statsforvaltaren i Vestland

Vi har ikkje fått signal frå nasjonale styresmaktar om tidsavgrensing eller planlegging for nedtrapping for gjeldande system for oppfølging av TISK-strategien. Det er ikkje mogleg for oss å spå korleis pandemien utviklar seg dei neste månadene, og såleis ikkje mogleg å gi eit konkret svar på dette. Vi er i ein uoversiktleg periode med nye virusvariantar som vaksinane potensielt ikkje har så god effekt mot. Det er difor viktig å fortsett ta høgde for at vi kan bli ståande i denne situasjonen over lengre tid, og at ikkje planleggingshorisonten blir for kort.

Førerebels veit vi at Hdir har fått i oppdrag å levere eit notat om vegen ut av pandemien, med frist 16. mars. Vi vil dele informasjon så snart vi veit meir om dette.

### 8. Nasjonal opplæringsressurs (e-læringskurs) - koronavaksinering

Helsedirektoratet har lansert eit nytt e-læringskurs for koronavaksinasjonsopplæring som bygger på informasjon frå FHI. Kurset er eit tilbod, ikkje eit krav, for å kunne gjennomføre vaksinering. Det er modular om mellom anna utblanding og opptrekk av Comirnaty, injeksjonsteknikk og øvingsoppgåver med kasuistikkar. Gjennomført kunnskapstest gir kursbevis.

Kurset finn de på kompetansebroen.no: <https://www.kompetansebroen.no/nasjonal-opplaering-koronavaksinering/?o=innlandet#1607422903046-31d507dc-1d6a>

### 9. Forsyning av smittevernustyr

Det vart sendt ut eit brev datert 19. februar frå Hdir til landets kommunar om forsyning av smittevernustyr i samband med covid-19. Hdir gjentok i møte i går at det er viktig at kommunane legg inn bestilling av smittevernustyr i god tid. Særleg for hanskars er det ein global mangel grunna liten tilgang på råvarer og låg produksjon. Hdir oppmodar kommunane om å leggje inn bestillingar av hanskars seinast innan utgangen av april, for å dekke minst 8 månaders behov frå september 2021 til og med april 2022. Hdir oppmodar òg kommunane til å gå gjennom bruken av lateks- og nitrilhanskars. Viss det er oppgåver som ikkje inneber smitte eller mistenkt smitte, bør det vurderast bruk av vinylhanskars viss det er behov for å bruke hanskars.

Det er òg lite FFP3-maskar i marknaden, men det kjem i gong nasjonal produksjon i vår.

### 10. Vaksineutstyr

Det meste av utstyr skal no vere sendt ut frå One Med og det skal vere motteke. Nokre har ikkje fått det dei ønskt av små kjøleboksar enno, men dei kjem i midten av mars. Hdir har større kjøleboksar på 22 og 32 L på lager allereie no, viss nokon vil ha det i staden for. Ta i så fall kontakt med Hdir på e-postadressa: [vaksineutstyr@helsedir.no](mailto:vaksineutstyr@helsedir.no).

### 11. Pilotprosjekt for massetesting med hurtigtest i vidaregåande skular

Helse Vest har tatt initiativ til eit pilotprosjekt for å ta i bruk hurtigestar for massetesting/screening av elevar på ein eller fleire vidaregåande skular (vgs) i Vestland. Bakgrunnen er bekymring for at pandemien går ut over sosiale og faglege møteplassar for ungdom, der vgs er ein viktig arena.



## Statsforvaltaren i Vestland

Dette er òg sett i lys av et aukande tal tilvisingar på grunn av psykisk sjukdom blant unge. Jamleg massetesting gjort på rett måte, vil kunne bidra til at vgs kan haldast opne i større grad sjølv om andre deler av samfunnet må stengast ned grunna smitte. Vestland fylkeskommune og Statsforvalteren i Vestland er med i prosessen saman med Helse Vest, og det blir jobba med å sikre forankring i aktuelle vgs og kommunar.

### 12. Rekruttering av helsepersonell

Hdir minna i møte i går om at dei kan hjelpe til med rekruttering av helsepersonell i tilfelle der kommunane har eit prekært behov som ikkje let seg løyse lokalt eller regionalt.

Helsedirektoratet kan hjelpe med råd og rettleiing til rekruttering av helsepersonell i to forskjellige kategoriar:

- Rekruttering av helsepersonell til testing og smittesporing som kan reise på kort varsel og er kvalitetssikra av bemanningsselskap (nasjonalt innsatspersonell)
- Rekruttering av helsepersonell til alle andre oppgaver fra register for reservepersonell (nasjonalt helsepersonell)

Kontaktinformasjon m.m. finn de i [kapittel 12 i Koronarettleiaren \(Hdir\)](#).

### 13. Spørsmål i møtet

Må det søkast om førehandsgodkjenning dersom utanlandske arbeidstakrar eig/leiger fast bustad i Noreg?

**Svar:**

Kravet om førehandsgodkjenning av innkvartering for gjennomføring av innreisekarantene gjeld berre innkvartering som vert stilt disponibelt av arbeids- eller oppdragsgjevar jf. § 5 andre ledd bokstav d i covid-19-forskrifta. For bustad som arbeidsgjevar stiller til disposisjon for arbeidstakrarar er det arbeidsgjevar som er ansvarleg for å söke Arbeidstilsynet om førehandsgodkjenning.

Bustad som arbeidstakar sjølv eig eller leiger uavhengig av arbeidsgivar fell ikkje inn under dette unntaket i § 5 i forskrifta, og skal difor heller ikkje førehandsgodkjennast av Arbeidstilsynet. Dei har såleis heller ingen oppfølgingsplikt av desse bustadane.

Viss ein arbeidstakar eig eller leiger bustad i Noreg uavhengig av arbeidsgivar så vert dette eige-/leigeforholdet rekna som gjennomført av ein privatperson. Det er to andre unntak i § 5 som i dei fleste tilfelle då vil vere aktuelle:

- § 5 andre ledd bokstav a som seier at vedkommande ikkje treng å opphalde seg på karantenehotell viss følgjande krav er oppfylt: «ved innreisen kan dokumentere at de er bosatt i Norge, og som oppholder seg i boligen eller på annet egnet oppholdssted.»  
*For å kunne falle under dette unntaket å bli definert som busett må ein vere folkeregistrert i Noreg.*
- § 5 andre ledd bokstav c som seier at vedkommande ikkje treng å opphalde seg på karantenehotell viss følgjande krav er oppfylt: «ved innreisen kan dokumentere at de eier eller leier fast bopel i Norge hvor de kan gjennomføre karantenen i en egen boenhet med soverom, bad og kjøkken. En leiekontrakt som nevnt i første punktum må ha en varighet på minst seks måneder.»



## Statsforvaltaren i Vestland

*Her er det ei innstramming frå tidlegare ved at vedkomande må kunne framvise ei leigekontrakt på minimum 6 månader og at kvar leidgetakar skal ha eigen bueining med soverom, bad og kjøkken. Det betyr til dømes at tre personar ikkje lengre kan leige saman for ein kort periode ein einebustad med berre eitt bad og kjøkken, for å unngå karantenehotell.*

Når det gjeld kontroll av etterfølging av krava i dei to unntaka over, er det viktig å tenkje at systemet i første omgang er basert på tillit. Det er til dømes ikkje noko krav om førehandsgodkjenning av bueining som kan gi unntak for karantenehotell etter § 5 andre ledd bokstav c. Samstundes går det fram i § 23 i forskrifta at kommunen fører tilsyn med at reglannde vert følgde.

Det er òg meiningsa at [Nasjonalt kontrollsenter for innreisande](#) skal støtte kommunane i å sikre ein målretta tilsynsverksemrd. Dei skal kontakte personar i innreisekarantene og sikre at dei er kjent med regelverket. Dei skal òg forsikre seg om at dei oppheld seg den staden dei har opplyst i innreiseregistreringsskjemaet. (Sjå òg punkt 3 i dette referatet).